



Sunnhordland Fjordbruk AS  
Tysnes Fjordbruk AS  
Rogaland Fjordbruk AS  
5694 ONARHEIM

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201013576-33/313/ENDKOR

Dykkar ref.:

Bergen, 27. juni 2013

**H-E-1 og H-K-34 Sunnhordland Fjordbruk AS org. nr. 928801373,  
H-T-3 og H-T-6 Tysnes Fjordbruk AS org. nr. 979495358 og R-SD-3 og  
R-SD-5 Rogaland Fjordbruk AS org. nr. 938567697 - Løyve til å etablere  
anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i  
Kvinnherad kommune**

Vi syner til Dykkar søknad av 16.11.2012, og vårt verdtak av 31.01.2013.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Sunnhordland Fjordbruk AS, org. nr. 928801373, akvakulturløyva med reg. nr. H-E-1 og H-K-34, Tysnes Fjordbruk AS org.nr. 979495358, akvakulturløyva med reg. nr. H-T-3 og H-T-6 og Rogaland Fjordbruk AS, akvakulturløyva med reg. nr. R-SD-3 og R-SD-5 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeare (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Lokalitets- biomasse	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84	Samlokalisering
13231	Høylandssund	Kvinnherad	3120 tonn	59° 46.653' N 05° 49.788' E	H-E-1, H-K-34, H-T-3, H-T-6, R-SD-3 og R-SD-5

Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferanser oppgjeve i Euref-89/WGS84							
1	2	3	4	5	6	7	8
59° 46.711' N 05° 49.673' E	59° 46.725' N 05° 49.706' E	59° 46.656' N 05° 49.854' E	59° 46.625' N 05° 49.911' E	59° 46.604' N 05° 49.917' E	59° 46.594' N 05° 49.898' E	59° 46.602' N 05° 49.855' E	59° 46.637' N 05° 49.781' E

Lokalitet 13231 Høylandssund er godkjent for løyva H-E-1, H-K-34, H-T-3, H-T-6, R-SD-3 og R-SD-5. Kvar av løyva omfattar ein maksimal tillaten biomasse på 780 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Dette løyve erstattar tidlegare lokalitetsklarering for 13231 Høylandssund av 08.02.2013.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

## Grunngjeving

Sunnhordland Fjordbruk AS, Tysnes Fjordbruk AS og Rogaland Fjordbruk AS søkte 16.11.2012 om ny plassering og auka areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune.

Verksemdene søker om å plassere anlegget lenger nord og aust i Høylandssundet. Omsøkt overflate areal er oppgjeve til 60 dekar. Noverande anlegg er klarert for om lag 13 dekar overflate areal. I tillegg til utskifting av anleggsutstyr er søknaden grunngjeve med ønskje om meir spreingsstraum for å unngå sedimentering under anlegget. Siste miljøgranskning, MOM B, fekk dårligaste tilstandsklasse. Verksemda har fått utført ny miljøgranskning av omsøkt plassering, og denne har fått beste tilstandsklasse, på tross av liten avstand til dagens lokalisering. Lokalitet 13231 Høylandssund er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn. Det vert ikkje søkt om endring av produksjonskapasiteten.

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*) og har lege ute til offentleg innsyn i Kvinnherad kommune. Det kom ikkje inn merknader i saka.

Advokatfirmaet Schjødt AS har den 28.01.2013 påvegne at hytteeigar på Halsnøy send likelydande e-post med klage og protest til Hordaland fylkeskommune, Kvinnherad kommune og Fylkesmannen i Hordaland. Det vert hevda at kommunen sitt vedtak om dispensasjon frå arealplanen er ugyldig, og at det av den grunn heller ikkje er grunnlag for å gje løyve etter akvakulturlova. Hytteeigarane påpeiker at omsøkt anleggsplassering vil ha følgjande negative verknader; tap av fiskeplassar, anlegget kjem i synsfeltet frå hyttene, areal for båt- og badeliv vil bli bandlagt, samt at eit omfattande industrianlegg som dette vil medføre støyulemper. Vidare vert det hevda at tiltaket vert handsama som ei mindre endring. Fylkeskommunen vert beden om å stanse sakshandsaminga i påvente av at ein skal kunne sette seg betre inn i saka. Det vert og etterlyst vurderingar av alternative plasseringar av anlegget.

Kvinnherad kommune har den 09.01.2013 kome med følgjande uttale til søknaden: " *Sunnhordland Fjordbruk AS/ Alsaker Fjordbruk AS, søker om endra plassering og auka areal for lokaliteten 13231 Høylandssund. Det er ingen endringar i produksjonen/biomassen. Kommunen har godkjend dispensasjon frå gjeldane kommunedelplan. Føremålet med justeringa er å auke spreingsstraumen for å unngå sedimentering under anlegget. Søknaden har lege ute til offentleg ettersyn. Det er ikkje kome inn merknader. Kommunen har ingen merknader til den omsøkte justeringa. "*

Søknaden er handsama av Mattilsynet DK Sunnhordland 03.01.2013. I medhald av § 5 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m., gjev Mattilsynet Sunnhordland løyve til omsøkt plasseringsendring av lokalitet 13231 Høylandssund med ein produksjon på 3120 MTB for oppdrett av matfisk av laks og aure. I si vurdering skriv mellom anna Mattilsynet at den omsøkte endringa vil virke positivt på fiskehelse og fiskevelferd. Dette skuldast betre straum, større djupner og meir gunstige botntopografi.

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 14.01.2013. Med heimel i havne- og farvannslova § 27 andre ledd, jf. § 27 første ledd vert det gjeve løyve til utviding og justert plassering av anlegg på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune i samsvar med vedlagte stempla kart og oppgjevne hjørneposisjonar for anlegget si plassering.

Anlegget er lokalisert i Høylandssundet som er definert som viktig bilei. Av viktige navigasjonsinstallasjonar finn ein nord for anlegget Hillestadholmen fyrlykt. Anlegget er søkt lagt tett opp mot kvit seglingssektor frå lykta. I samband med dette er det avhalde eit konsulterande møte mellom verksemdene og Kystverket Vest for å finne ei optimal plassering i høve til ferdsel på fjorden og signaler frå navigasjonsinstallasjonar. Etter Kystverket si vurdering vil ikkje anlegget utgjere noko vesentleg hinder for vanleg skipstrafikk.

Søknaden er handsama av Fiskeridirektoratet Region Vest 15.01.2013. Fiskeridirektoratet Region Vest har vurdert søknaden i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd. Fiskeridirektoratet region Vest har ikkje merknader til plassering av anlegget og fortøyningar slik som det går fram av karta som følgjer søknaden.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 22.01.2013. Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11 og 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve løyve til etablering av matfiskanlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet Høylandssund i Kvinnherad kommune med ein maksimal tillaten biomasse på 3120 tonn. Fylkesmannen har merknad til strammålingane som er gjort på lokaliteten og ber om at det blir gjort ny strammåling på lokaliteten. Lokaliteten er tildelt ein høg maksimal tillaten biomasse og

anlegget er forventa å gi vesentleg organisk belastning på lokaliteten. Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. I tillegg set Fylkesmannen krav om at verksemda utfører resipientundersøking med MOM C etter 2 år i drift. Dette skal gjerast for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten.

Fylkesmannen har vurdert søknaden i høve til konsekvensar for vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern, friluftsliv og naturmangfaldlova. Det er ingen særlege interesser knytt til naturvern og friluftsliv i området registrerte i *Naturbase* og *Artsdatabanken*. I den kommunale høyringa kom det ikkje merknader i høve til friluftslivsinteresser. Dette tiltaket medfører ingen store endringar i høve til laksefisk, naturvern og friluftsliv. Produksjonen på lokaliteten blir uendra. Arealbeslaget blir større, men det er fri ferdsel for fritidsfartøy på alle sider av anlegget. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.

#### Hordaland fylkeskommune sine vurderingar av protestane frå Advokatfirmaet Schjødt AS

I denne saka er det tale om endra arealdisponering og anleggsendring frå stålanlegg til plastringar for eksisterande lokalitet for oppdrett av matfisk av laks og aure. Overgang til bruk av plastringanlegg medfører at arealbruken vert monaleg større enn det som tidlegare er klarert på lokaliteten. Arealbruk til akvakultur bør vurderast lokalt i kommuneplanprosessen. Omsøkt anleggsplassering ligg i område avsett til Akvakultur og FFNF (fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) i kommuneplanen sin arealdel. Mot aust kjem delar av fortøyningane inn i område avsett til Trålfelt. For den delen av søknaden som ligg i akvakulturområde er tilhøve til anna bruk av området tatt stilling i tidlegare arealplanprosessar. Omsøkt anleggsplassering vil liggje 230 meter lenger mot nordaust og 55 meter lenger ut i sundet i høve til akvakulturområdet i arealplanen. Kvinnherad kommune som planmynde har stadfesta for Hordaland fylkeskommune at det er gjeve dispensasjon frå arealplanen til å etablere anlegget som omsøkt. I vurderingar av saka vert det soleis lagt til grunn at dette vedtaket er gyldig. Klarering av lokalitet som omsøkt vil ikkje vera i strid med § 30 d punkt 1 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet kan klarerast dersom den ikkje er i strid med vedtekne plan etter plan- og bygningslova.

Det har vore etablert oppdrettsanlegg på lokalitet 13231 Høylandssund sidan 1994. Både utforming, storleik og plassering har vorte endra fleire gonger. Høyringsrunden på denne saka har ikkje avdekket at det er lokal motstand mot endra plassering av oppdrettsanlegg i Høylandssund. Kvinnherad kommune har tilråd at det vert gjeve løyve som omsøkt. Kvinnherad kommune er nærast til å foreta den konkrete vurderinga av kva for interesser som skal vege tyngst. Hordaland fylkeskommune finn å måtte tillegga Kvinnherad kommune sin positive uttale avgjerande vekt ved vurderinga av søknaden med omsyn til brukarkonfliktar. Lokaliteten ligg i hovudsak utafor eit område der det ikkje er busetnad. Næraste nabo er søraust for Hamraneset og bustaden der ligg om lag 300 m frå anlegget sitt nord-vestre hjørne. Tilsvarende avstand gjeld og for bustaden i Mjelkevik som ligg sør-vest for anlegget. Erfaringar frå andre anlegg tilseier at det blir viktig at anleggsinnehavar set inn tiltak for å redusere ulemper med støy. Klarering av lokalitet som omsøkt vil ikkje vera i strid med § 30 b punkt 3 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet kan klarerast dersom det er føreteke ei avveging av arealinteresser med særleg vekt på anna bruk av området.

Fylkeskommunen vil vidare påpeike at denne søknaden har følgd dei vanlege sakshandsamingsreglane for søknader etter laksetildelingsforskrifta. Når det gjeld alternativ plassering av oppdrettsanlegget finn vi det naturleg at eit slikt framlegg må kome i samband med rullering av arealplanen. For ein søknad etter akvakulturregelverket lyt ein ta stilling til den konkrete plasseringa det vert søkt om.

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som nemnd i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særleg vekt på*
  1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
  2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
  3. *annen bruk av området, og*
  4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
  1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
  2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
  3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
- d) *det ikke er i strid med*
  1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*

2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

og kome fram til at tiltaket ikkje kjem i konflikt med reglane i forskrifta.

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden i høve til § 37 a i laksetilordelingsforskrifta : Særskilte reglar for Hardangerfjorden. Hovudformålet med tiltaka i denne paragrafen er å hindre auka biomasse i det definerte området, fordi auka belastning er vurdert til ikkje å vera forsvarleg ut i frå omsynet til miljømessig berekraft. Søknaden gjeld endra plassering av anleggsutstyr, og kan soleis sjåast på som ei endring som ikkje vil auke produksjonskapasiteten i dette området.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetilordelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget (§8) er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet (føre var prinsippet §9). Med bakgrunn i vurderingane Fylkesmannen har gjort, særleg i høve til sjøområde som respient, har fylkeskommunen konkrete haldepunkt for at ei flytting av anlegget vil kunne ha positiv miljøgevinst.

#### Klage på vedtaket

Vedtaket vart påklaga av oppsitjarar 20.02.2013. Klagarane viser til deira brev av 28.01.2013, og gjer gjeldane at vedtaket etter akvakulturlova ikkje er gyldig. Det vert påpeika at klarering av lokalitet er i strid med laksetilordelingsforskrifta § 30 b. nr. 1 og 3, og fylkeskommunen vert beden om å oppheva vedtaket.

Vidare vert det vist til at Kvinnherad kommune vil vurdere dispensasjonsvedtaket på nytt, og at det skal haldast dialogmøte mellom partane og kommunen. Klagar opplyser at meir utfyllande grunngjeving av klagen er avhengig av resultatet av dette møtet. Klagar har fått utsett klagefrist fleire gonger. I brev av 15.05.2013 ber klagar om at fylkeskommunen fattar nytt vedtak etter akvakulturlova i samsvar med kommunen sitt nye vedtak.

#### Hordaland fylkeskommune si vurdering av saka

Det vart og klaga på Kvinnherad kommune sitt vedtak av 17.10.2012 om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen.

Det er halde dialogmøte med representantar frå klagarane, Alsaker Fjordbruk AS og kommunen. Etter møtet har desse partane kome til semje om kva utstrekning anlegget skal ha, og det er laga eit nytt kart som viser ny plassering av anlegget.

Kvinnherad forvaltningskomité hadde saka føre i møte 08.05.2013 som sak 2013/62, og fatta slikt vedtak: *Kvinnherad forvaltningskomité gjer om sitt vedtak av 17.10.12 slik at lokaliteten til Alsaker fjordbruk vert avgrensa slik hytteeigarane og Alsaker fjordbruk har vorte samde om, og slik "figur 2" i saksutgreiinga viser, med kart og koordinatar. Det skal ikkje vera flåte (driftsbygning), bølgebrytarar eller andre konstruksjonar i den nordre delen av anlegget.*

Verksemda har lagt ut anlegg på lokaliteten i samsvar med det som partane var samde om. Dette anlegget er eit mindre arealkrevjande stålanlegg samanlikna med plastringanlegget som er klart i løyve av 31.01.2013. Denne endringa medfører at den delen av oppdrettsanlegget som ligg nærast hytteeigarane vert 160 meter unna, slik at den samla avstanden no er nærare 500 meter.

Med bakgrunn i at dei involverte i saka er samde om plasseringa, anlegget er lagt ut og teken i bruk i samsvar med dette finn Hordaland fylkeskommune å kunne endre vedtaket om klarering av lokalitet Høylandssundet slik at lokalitetsklareringa etter akvakulturlova også vert i samsvar med faktisk bruk.

Fylkeskommunen har hatt ein ny gjennomgang av saka. Vi kan ikkje sjå at det i korrespondansen vi har hatt tilgang til er kome opplysningar som tilseier at det er gjort feil i sakshandsaminga frå vår side. Det avgjerande no er at alle partar, og då i særleg grad Kvinnherad kommune, ynskjer ei plassering i samsvar med utlagt anlegg. På grunn av dette ser ein ikkje behov for ei nærmare vurdering av framførte påstandar om sakshandsamingsfeil og andre ytring i høve negativ påverknad frå oppdrettsanlegget.

Etter ei samla vurdering har Hordaland Fylkeskommunen gjeve Sunnhordland Fjordbruk AS, org. nr 928801373, akvakulturløyva med reg. nr. H-E-1 og H-K-34, Tynes Fjordbruk AS org. nr. 979495358, akvakulturløyva med reg. nr. H-T-16 og H-T-20 og Rogaland Fjordbruk AS, akvakulturløyva med reg. nr. R-SD-21 og H-TV-1 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeare (*Oncorhynchus mykiss*) med ein maksimal tillaten lokalitetsbiomasse på 3120 tonn på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune på nærmare vilkår.

### Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

### Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

### Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 22.01.2013, Mattilsynet DK Sunnhordland 03.01.2013 og Kystverket Vest 14.01.2013, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

### Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

  
Bård Sandal  
regionaldirektør


  
Gudrun Mathisen  
seksjonssjef

Sakshandsamar: Endre Korsøen Direkte telefon: 55 23 91 04. E-postadresse: endre.korsoen@hfk.no

Kopi:


Fiskeridirektoratet Region Vest  
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet DK Sunnhordland  
Kystverket Vest  
Kvinnherad kommune  
Advokatfirmaet Schjødt AS v/Martin Støren, Postboks 2444 Solli, 0201 Oslo

H-E-1 og H-K-34 Sunnhordland Fjordbruk AS  
H-T-3 og H-T-6 Tysnes Fjordbruk AS  
R-SD-3 og R-SD-5 Rogaland Fjordbruk AS  
Lokalitet 13231 Høylandssund




# 13231 Høylandssund - Klarerte ytterpunkt

© Fiskeridirektoratet



Målestokk: 1:5 000



<p>(1) Sender (stemplet til forvaltningsorganet)</p> <p><b>Hordaland fylkeskommune</b>  <b>Postboks 7900</b>  <b>5020 Bergen</b></p>	<p><b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>          (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p> <p>(2) Dato 27.06.2013</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse)</p> <p>Rogaland Fjordbruk AS          Tysnes Fjordbruk AS          Sunnhordland Fjordbruk AS          5694 ONARHEIM</p>	<p>(4) Klageinstans</p> <p>Fiskeridirektoratet          Kyst- og havbruksavdelinga          Postboks 185 Sentrum          5804 Bergen</p>
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p>	
<p><b>Klagerett</b></p>	<p>De har rett til å klage på vedtaket.</p>
<p><b>Kven kan De klage til?</b></p>	<p>Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p>
<p><b>Klagefrist</b></p>	<p>Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p>
<p><b>Rett til å krevjegrungjeving</b></p>	<p>Dersom De meiner at vi ikkje har grungjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grungjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grungjevinga.</p>
<p><b>Innhaldet i klaga</b></p>	<p>De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> <p>Klaga må underskrivast.</p>
<p><b>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket</b></p>	<p>Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p>
<p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b></p>	<p>Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p>
<p><b>Kostnadene med klagesaka</b></p>	<p>De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p>
<p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b></p>	<p>Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>
<p>Særlege opplysningar</p>	